

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

## Innkalling til møte i Kontrollutval - Fjaler kommune

**Utval:** Kontrollutval - Fjaler kommune  
**Møtedato:** 01.11.2013  
**Møtetid:** 09.00  
**Stad:** Møterom 344  
**Møtenr.:** 4/2013  
**Innkalling:** Faste medlemmer i utvalet, forvaltningsrevisor i sak 029/13, rådmann i sak 028/13.

**Melding til:** Ordførar (møterett), KRYSS-revisjon (møterett) og varamedlemer.  
(Varamedlemer møter etter nærare innkalling).

Dersom du ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: [post@sekom.no](mailto:post@sekom.no).

### SAKLISTE

026/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
027/13 Skriv og meldingar.  
028/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Rutinar rundt sjukefråvær i Fjaler kommune - Prosjektplan  
029/13 Orientering om bistand og omsorg.  
030/13 Oppfølgingsliste 4-2013 – Fjaler  
031/13 Eventuelt

Fjaler 25.10.2013.

Magne Norddal  
- Leiar -

Audhild Ragni Vie Alme  
**SEKOM-sekretariat**

---

|                            |                      |                                                  |                                |                |                 |
|----------------------------|----------------------|--------------------------------------------------|--------------------------------|----------------|-----------------|
| <b>Postadresse</b>         | <b>Kontoradresse</b> | <b>E-post</b>                                    | <b>Telefon</b>                 | <b>Org nr.</b> | <b>Bankgiro</b> |
| Postboks 338<br>6802 FØRDE | Hafstadvegen 42      | <a href="mailto:post@sekom.no">post@sekom.no</a> | 97170064 Arva<br>951 39 762 Vø | 987 631 554    | 3705.08.32571   |

## **026/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.10.2013

| <b>Utval</b>    | <b>Dato</b> | <b>Utv.-<br/>Saksnr.</b> | <b>Status</b> | <b>Vedtaks-<br/>organ</b> |
|-----------------|-------------|--------------------------|---------------|---------------------------|
| Kontrollutvalet | 01.11.2013  | 026/13                   | -             | Ja                        |

### **KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:**

## 027/13 SKRIV OG MELDINGAR

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.10.2013.

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 01.11.2013 | 27/13            | -      | Ja                |

### Saksvedlegg:

- SM 23-13 Vedtak kommunestyret sak 73/13 Forvaltningsrevisjon: Kontroll av sjølvkostberegning på VAR-sektoren.
- SM 24-13 Vedtak kommunestyret sak 74/13 Tertialrapport 2 - 2013.
- SM 25-13 Godkjenningsbevis frå Mattilsynet datert 24.9.2013 for Korssund vassverk.
- SM 26-13 Brev frå Fylkesmannen datert 17.9.2013 Avslutning av tilsynsak – helse- og omsorgstenester til personar i ytre Fjaler.
- SM 27-13 Fylkesmannen sin rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet Fjaler kommune datert 26.09.2013.
- SM 28-13 Vedtak kommunestyret sak 72/13 Tenestepensjonsordning for kommunalt tilsette

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**



SM 23/13

Sekom sekreteriat

## MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.  
12/997-7/K1-216//AMY  
13/9612

Dykkar ref.

Dato:  
24.10.2013

**Forvaltningsrevisjon -kontroll av sjølvkostberekningar på VAR sektoren**

### KONTROLLUTVALET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Det vert vist til revisjonsrapporten « Sjølvkostberekningar på VAR sektoren», datert 7 juni 2013
2. Tilrådingane i rapporten vert tekne til følge

**14.10.2013 KOMMUNESTYRET**


#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KOM-073/13 VEDTAK:**

1. Det vert vist til revisjonsrapporten « Sjølvkostberekningar på VAR sektoren», datert 7 juni 2013
2. Tilrådingane i rapporten vert tekne til følge
- ...

Med helsing

  
Annikken Myklebust  
økonomisjef

Direkte tlf: 57738053



SM 24/13

## **Tertialrapport 2 - 2013**

| SAKSGANG                  |            |               |               |
|---------------------------|------------|---------------|---------------|
| Styre, utval, komite m.m. | Møtedato   | Saksnr        | Saksansvarleg |
| Formannskapet             | 08.10.2013 | <b>097/13</b> | AMY           |
| Kommunestyret             | 14.10.2013 | <b>074/13</b> | AMY           |

---

|            |               |        |
|------------|---------------|--------|
| Arkivsaknr | Sakshandsamar | Arkiv  |
| 13/2017    | Annikken      | K1-210 |
|            | Myklebust     |        |

---

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Formannskapet tek 2. tertial til orientering.

Følgjande budsjettjustering vert vedteke:

| <b>Ansvarsområde</b>             | <b>Beløp</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Ansvar 100 – Rådmannen           | 900 000      |
| Ansvar 900 – Finansielle føremål | -900 0000    |

Budsjettet til einingane vert ikkje justert. Einingane skal iverksetje tiltak får å leggje fram ein årsrekneskap i balanse for sitt ansvarsområde.

### **08.10.2013 FORMANNSKAPET**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FOR-097/13 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:**

Kommunestyret tek 2. tertial til orientering.

Følgjande budsjettjustering vert vedteke:

| <b>Ansvarsområde</b>             | <b>Beløp</b> |
|----------------------------------|--------------|
| Ansvar 100 – Rådmannen           | 900 000      |
| Ansvar 900 – Finansielle føremål | -900 000     |

Budsjettet til einingane vert ikkje justert. Einingane skal iverksetje tiltak for å leggje fram ein årsrekneskap i balanse for sitt ansvarsområde.

## 14.10.2013 KOMMUNESTYRET

### Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### KOM-074/13 VEDTAK:

Kommunestyret tek 2. tertial til orientering.

Følgjande budsjettjustering vert vedteke:

| Ansvarsområde                    | Beløp    |
|----------------------------------|----------|
| Ansvar 100 – Rådmannen           | 900 000  |
| Ansvar 900 – Finansielle føremål | -900 000 |

Budsjettet til einingane vert ikkje justert. Einingane skal iverksetje tiltak for å leggje fram ein årsrekneskap i balanse for sitt ansvarsområde.

### Trykte vedlegg i saka

| Nr | T | Dok.dato   | Avsender/Mottakar | Tittel                                         |
|----|---|------------|-------------------|------------------------------------------------|
| 20 | X | 24.09.2013 |                   | Statistikkrapport                              |
| 26 | X | 25.09.2013 |                   | Finansrapport pr. 2 tertial for Fjaler kommune |
| 28 | X | 27.09.2013 |                   | planar og investeringsprosjekt                 |
| 17 | X | 27.09.2013 |                   | Måloppnåing - 2. tertial                       |
| 19 | X | 30.09.2013 |                   | Samledokument                                  |

### SAKSUTGREIING:

I følge Fjaler kommune sitt økonomireglement skal det etter kvar tertial leggst fram ein samla kontrollrapport til politisk handsaming. Kvar enkelt tenesteleiar skal utarbeide ein rapport for sitt ansvarsområde. Desse er redigert og innarbeidd i eit dokument jamf. vedlagt samledokument.

Når det gjeld kommuneøkonomi generelt og revidert nasjonalbudsjett viser eg til saksutgreiing på 1. tertialrapport.

### Viser til samledokument for einingane.

Pr. 2 tertial skal normalforbruket til einingane liggje på kring 66% av totalbudsjettet.

Med tanke på at løn og sosiale utgifter utgjør ca 70% av dei totale utgiftene (ekskl. finans) vil lønsutgiftene gi oss ein god peikepinn på korleis vi ligg an.

Pr 2. tertial ligg vi omtrent på budsjett om ein tek omsyn til sjukepengerefusjonar, det ser ut som lønsutgiftene vil balansere på årsbasis. Det største usikkermomentet er pensjon og berekning av premieavviket, men den siste prognosen frå DNB viser positivt sett budsjettbalanse.

Det er 6 ansvarsområde som melder om negativt avvik pr 2. tertial. Vi justerer budsjettet på avviket som gjeld utbyte frå Sunnfjord energi då det ikkje vil vere mogleg å iverksetje tiltak på dette området. Resterande vil ansvarsområda bli bedne om å dekke inn på dette års budsjett. Fjaler har ikkje midlar til dekke meirforbruket. Elles opprettheld vi innkjøpsstopp ut året, samstundes som ein ber om redusert vikarbruk der det er mogleg.

#### **VURDERING:**

Samla syner 2. tertial eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2 mill. Fondsreserve til Fjaler kommune er brukt opp, difor vert det ikkje tilført midlar. Einingane skal gjere tiltak for redusere meirforbruket.



## Sekom Postmottak

---

**Fra:** Hovland Ola <Ola.Hovland@fjaler.kommune.no>  
**Sendt:** 22. oktober 2013 13:55  
**Til:** Sekom postmottak  
**Emne:** Til kontrollutvalet i Fjaler  
**Vedlegg:** Rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet i Fjaler kommune (L)(155140).pdf

Hei

I og med at vi mellom anna skal ha presentasjon og gjennomgang av pleie og omsorg kan denne vere grei å ha med til møte.

Sender vedlagt eit par andre saker som omhandla tilsyn – sjå neste epost.

Med helsing


**Ola Hovland**  
rådmann

 +47 57738055/+47 95894683



Fjaler kommune

SM 25/13



## GODKJENNINGSBEVIS

**Namn:** Fjaler Kommune - Vassforsyning  
**Adresse:** Postboks 54, 6961 DALE I SUNNFJORD  
**Bedriftsnummer:** 974549557  
**Type verksemd:** Vassforsyningssystem

**Godkjenninga gjeld:** Korssund Vassverk

**Godkjenningar:**

Godkjenning

**Gyldig frå:**


20.09.2013

**Gyldig til:**

Mattilsynet, Distriktskontoret Sunnfjord og Ytre Sogn, har gitt godkjenning med heimel i drikkevannsforskriften § 8 Godkjenning av vannforsyningssystem.

**Dato:** 24.09.2013

**Vår referanse:** 2013/200264

  
Rune Myklätun  
distriktsjef

  
Reidunn Blindheim  
førsteinspektør



## FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Tom Debu Nesvåg  
Telefon: 57643166  
E-post: fmsfine@fylkesmannen.no

Vår dato  
17.09.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/3239 - 736.2  
Dykkar referanse

SM 26/13

Fjaler kommune  
Postboks 54  
6961 Dale i Sunnfjord

Ikkje offentleg, jf offl. § 13 og fvl. § 13

### Avslutning av tilsynssak- helse- og omsorgstenester til personer i ytre Fjaler

Vi syner til tidlegare korrespondanse og seinast dykkar uttale til saka 12.09.2013. Saka gjaldt spørsmål om kommunen sikra at personer busett i ytre Fjaler fekk ei individuell og forsvarleg vurdering og vart ytt forsvarlege helsetenester i helgene.

I uttalen dykkar skildrar de at kvar pasient- og brukar får ei individuell vurdering av kva type teneste som skal gis. For pasientar som bur utanfor sentrum har de ikkje fast bemanning på kveld og i helgene, men de prioriterer anna tenesteyting til desse brukarane.

Kva type teneste som skal ytast til pasientar- og brukarar ligg i hovudsak til kommunen å ta stilling til med den føresetnaden at tenesta er fagleg forsvarleg og i tråd med gjeldande regelverk. Vi har med grunnlag i dykkar uttale ikkje funne grunn til å undersøke saka nærare. Saka vert difor ikkje følgt vidare som tilsynssak frå Fylkesmannen.

**Saka vert avslutta utan vidare oppfølging.**

Det er ikkje klagerett på dette avgjerda.

Med helsing

Linda Svori  
fung. fylkeslege

Tom Debu Nesvåg  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.*

Hovudkontor  
Njøsavgei 2, 6863 Lekanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post  
fmsipost@fylkesmannen.no  
Internett  
www.fylkesmannen.no/sfj

SM 27/13



## Rapport frå tilsyn med rehabiliteringstilbodet

### Fjaler kommune

**Adressa til verksemda:** Postboks 54, Dale i Sunnfjord  
**Tidsrom for tilsynet:** 30.05.2013 – 26.09.2013  
**Kontaktperson i verksemda:** Tenesteleiar Anita Hustveit Zadig

### Samandrag

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har gjennomført tilsyn med Fjaler kommune, Fjaler sjukeheim, i perioden 30.05.2013 til 26.09.2013. Denne rapporten gjer greie for funn på området det var ført tilsyn med.

Tilsynet vart gjennomført som systemrevisjon og gjaldt følgjande område:  
Rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta til sjukeheim.

Tilsynet skulle undersøke følgjande fasar i rehabiliteringsprosessen:

- innhenting og handtering av nødvendig og relevant informasjon ved innlegging i sjukeheimen
- kartlegging av behov for rehabilitering
- målsetting og planlegging av rehabilitering
- gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- utskriving/avslutning av rehabilitering

Det vart ikkje funne avvik eller gitt merknader under tilsynet i Fjaler kommune.

Dato: 26.09.2013

Beate Tollefsen  
revisjonsleiar

Per Stensland  
revisor

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

# Innhald

|                                         |          |
|-----------------------------------------|----------|
| <b>Samandrag .....</b>                  | <b>1</b> |
| <b>1. Innleiing.....</b>                | <b>3</b> |
| <b>2. Omtale av kommunen .....</b>      | <b>3</b> |
| <b>3. Gjennomføring.....</b>            | <b>4</b> |
| <b>4. Kva tilsynet omfatta .....</b>    | <b>4</b> |
| <b>5. Funn.....</b>                     | <b>4</b> |
| <b>6. Regelverk .....</b>               | <b>5</b> |
| <b>7. Dokumentunderlag.....</b>         | <b>5</b> |
| <b>8. Deltakarar ved tilsynet .....</b> | <b>7</b> |

## 1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn i Fjaler kommune, Fjaler sjukeheim, i perioden 30.05.2013 til 26.09.2013. Tilsynet er eit av dei planlagde tilsyna som Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gjennomfører i år.

Fylkesmannen har fullmakt til å føre tilsyn med helsetenesta etter lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstenesta § 2.

Tilsynet blei utført som systemrevisjon. Dette inneber gransking av dokument, intervju og andre undersøkingar.

Formålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen, gjennom internkontroll, tek hand om ulike krav i lovgivinga. Revisjonen omfattar å undersøkje:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgivinga innanfor dei tema tilsynet omfattar
- om tiltaka blir følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerte
- om tiltaka er gode nok for å sikre at lovgivinga blir følgd

Rapporten handlar om eventuelle avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor ingen fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet verksemda har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

- **Avvik** er krav som er gitt i eller i tråd med lov eller forskrift, som ikkje er oppfylte
- **Merknad** er forhold som ikkje er i strid med krav som er fastsett i eller i tråd med lov eller forskrift, men der tilsynslaget finn grunn til å påpeike betringspotensial.

## 2. Omtale av kommunen

Fjaler kommune har om lag 2850 innbyggjarar.

Tenesteleiar for BIO (bistand og omsorg), er blant anna leiar for sjukeheimen og heimetenestene. Ho rapporterer direkte til rådmannen.

Fjaler sjukeheim er delt i to arbeidslag, arbeidslag 1 og arbeidslag 5. Ved arbeidslag 1, sjukeheimsavdeling er det 15 plassar for blant anna spesialisert pleie, terminalpleie, rehabilitering og avlastning. Arbeidslaget yter også tenester til pasientar i to rehabiliteringshyblar og har ansvar for tenester til heimebuande som bur utanfor sentrum av Dale.

Arbeidslag 5, sjukeheimsavdeling A og B/C har 24 langtidsplassar for eldre med omfattande trong for varig døgerkontinuerleg pleie- og omsorg. Åtte av desse plassane er tilrettelagt for demente. Arbeidslaget har i tillegg ansvar for tenesteyting i 23 omsorgsbustader og for dagtilbod og aktivitetstilbod.

Kvar av dei to arbeidslaga har fagkonsulent som blant anna skal ha ansvar for oppfylging av internkontroll i BIO og vere pådrivar i kvalitets- og fagutviklingsarbeidet.

Tilsynslegen er medisinskfagleg ansvarleg ved sjukeheimen. Næraste overordna er tenesteleiar for BIO. Det er sett av 12 timar kvar veke til tilsynslegen, fem av timane er ubunden tid. Når tilsynslegen ikkje er til stades vikarierer turnuslegen.

Mottakskoordinator skal vere kommunen sin første kontakt for brukarar, pårørande og samarbeidspartnarar og skal rettleie slik at søkjarar får rett teneste til rett tid, på rett nivå og på rett måte. Tenesteleiar BIO er næraste overordna til mottakskoordinator.

Fysioterapi/ergoterapitenesta i kommunen er lokalisert i same bygg som Fjaler sjukeheim. Tenesteleiar for avdelinga rapporterer til rådmannen.

Det er tett samarbeid mellom dei enkelte avdelingane, mottakskoordinator og faggruppene med blant anna fast møte kvar veke.

### 3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande:

| Aktivitet                 | Dato              | Kommentar                  |
|---------------------------|-------------------|----------------------------|
| Melding om tilsyn         | 30.05.2013        |                            |
| Motteke dok. frå kommunen | 20.08.2013        |                            |
| Opningsmøte               | 03.09.2013        |                            |
| Omvising                  | 03.09.2013        |                            |
| Intervju                  | 03. og 04.09.2013 | 9 personar blei intervjuet |
| Sluttmøte                 | 04.09.2013        |                            |

Oversikt over dokument som verksemda har sendt oss i samband med tilsynet, er teke inn i kapittel 7 om dokument.

### 4. Kva tilsynet omfatta

Ved tilsynet har vi undersøkt om Fjaler kommune, Fjaler sjukeheim, har styring og fører kontroll med at rehabiliteringstilbodet til pasientar som er overført frå spesialisthelsetenesta blir gitt i samsvar med krav i helselovgivinga. Vi undersøkte særskilt om kommunen sikrar forsvarleg:

- innhenting og handtering av nødvendig og relevant informasjon ved innlegging i sjukeheimen
- kartlegging av behov for rehabilitering
- målsetting og planlegging av rehabilitering
- gjennomføring og evaluering av rehabiliteringstiltak
- utskriving/avslutting av rehabilitering

### 5. Funn

Det vart ikkje funne avvik eller gitt merknader under tilsynet i Fjaler kommune.

## 6. Regelverk

- *Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten*
- *Lov av 24. juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter*
- *Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.*
- *Forskrift av 14. november 1988 for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie*
- *Forskrift av 21. desember 2000 nr. 1385 om pasientjournal*
- *Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten*
- *Forskrift av 27. juni 2003 nr. 792 om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene*
- *Forskrift av 12. november 2010 nr. 1426 om en verdig eldreomsorg*
- *Forskrift av 16. desember 2011 om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator*

## 7. Dokument

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold, sendt over i samband med førebuing av tilsynet:

- Organisasjonskart for Fjaler kommune
- Organisasjonsplan mottakskontor - BIO
- Årsmelding 2012
- Fjaler kommune – rekneskap 2012
- Reglement for delegering av avgjerdsrett
- Oversikt over tilsette ved:
  - Arbeidslag 1 og 5
  - Mottakskontoret i Bistand og omsorg
  - Kommunal fysioterapi/ ergoterapi, behandling og opptrening, frisklivsentrar
- Skildring av Fjaler sjukeheim
- Skildring av tilsynslegefunksjonen ved sjukeheimen
- Arbeidsoppgåver mottakskontoret BIO
- Internundervisning i sjukeheim
- Plan og stadfesting av gjennomført opplæring for tilsette BIO
- Nytilsette – orientering og sjekklister for informasjon
- Skildring av fagprogram Cos Doc
- Innføring av elektronisk kvalitetshandbok
- Internkontroll Fjaler kommune, tenesteeining bistand og omsorg 2012
- Internopplæring gjeldande INTERNKONTROLL
- Plan for bistand og omsorg for Fjaler kommune 2012-2016

Stillingsomtale for:

- Tilsynslege
- Mottakskoordinator i Bistand og omsorg
- Funksjonsbeskriving for fagkonsulent
- Sjukepleiar
- Fagarbeidar BIO
- Assistentar
- Instruks for fadder



Rutinar for:

- Årskontroll
- Mal for legejournal og rutinar i avdeling ved nye pasientar til fast- eller korttids plass
- Samtale med pårørande til sjukeheimsbebuarar
- Involverte fagpersonar under eit rehabiliteringsforløp
- Journalføring i Cos Doc
- Inntaksmøtet som tverrfagleg og tverretatleg forum - prioritering av plassar i institusjon, rehabiliteringshyblar og tildeling av omsorgsbustader sentralt
- Tverrfagleg målmøte med rehabiliteringspasientane på Fjaler sjukeheim
- Rutine for samhandlingsmøte for rehabiliteringspasientar på sjukeheimen
- Kartlegging av morgon – ADL for rehabiliteringspasientar
- Avvikshandtering

Opplæringsplan for:

- Tilsynslege i sjukeheim
- Assistentar
- Fagarbeidarar
- Sjukepleiarar

Dokumentasjon som blei gjennomgått/utdelt under revisjonsbesøket:

- 13 pasientjournaler blei gjennomgått
- Perm med referat frå personalmøte
- Avviksperm frå 2013, Arbeidslag 1
- Morgon-ADL-skjema (på pasientrom)
- Beskjedbok
- Vedtak i inntaksnemnda for 14.08.2013 og 21.08.2013

Vi fekk omvising ved Fjaler sjukeheim.

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:

- 30.05.2013 melding om tilsyn til Fjaler kommune
- 20.08.2013 dokumentasjon til tilsynet frå Fjaler kommune
- 21.08.2013 utkast til program for tilsynet
- Diverse e-postar som omhandlar tilsynet (endring av program og praktiske opplysningar mm.)
- 13.09.2013 førebels rapport

## 8. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir oversikt over deltakarane på opnings- og sluttmøte, og over kven som blei intervjuet.

| Namn                   | Funksjon / stilling                  | Opnings-<br>møte | Intervju | Slutt-<br>møte |
|------------------------|--------------------------------------|------------------|----------|----------------|
| Ola Hovland            | rådmann                              | x                | x        | -              |
| Anita H. Zadig         | tenesteleiar BIO                     | x                | x        | x              |
| Kjersti Valvik         | lagleiar arbeidslag 2                | x                | -        | -              |
| May Britt Ness         | avdelingsleiar arbeidslag 1          | x                | x        | x              |
| Ingunn Hilde Hovland   | fagkonsulent og sjukepleiar A1       | x                | x        | x              |
| Anita V. Ness          | hjelpepleiar A1                      | x                | x        | x              |
| Katrine Field          | ergoterapeut                         | x                | x        | x              |
| Ivar Vårdal            | tenesteleiar<br>fysioterapiavdelinga | x                | x        | x              |
| Bente Sæterdal Solheim | sakshandsamar<br>mottakskontor       | x                | x        | x              |
| Björg Aamodt           | tilsynslege                          | -                | x        | -              |
| Anikken Myklebust      | rådgjevar økonomi                    | -                | -        | x              |

### Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane deltok:

Seniorrådgjevar Björg Eikum Tang, revisor

Fylkeslege Per Stensland, revisor

Rådgjevar Beate Tollefsen, revisjonsleiar



SM 28/13

Sekom sekretariat

## MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.  
09/252-85/K1-570//AMY  
13/9610

Dykkar ref.

Dato:  
24.10.2013

### **Tenestepensjonsordning for kommunalt tilsette RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Fjaler kommune vedtek å inngå avtale med KLP om levering av tenestepensjon frå 1.1.2014.
2. Finansiering av eigenkapitalinnskottet vert å kome attende til under budsjetthandsaminga for 2014.
3. Folkevald ordninga skal følgje den ordinære tenestepensjonsordninga for kommunalt tilsette.

### **08.10.2013 FORMANNSKAPET**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

### **FOR-096/13 FRAMLEGG TIL KOMMUNESTYRET:**

1. Fjaler kommune vedtek å inngå avtale med KLP om levering av tenestepensjon frå 1.1.2014.
2. Finansiering av eigenkapitalinnskottet vert å kome attende til under budsjetthandsaminga for 2014.
3. Folkevald ordninga skal følgje den ordinære tenestepensjonsordninga for kommunalt tilsette.

### **14.10.2013 KOMMUNESTYRET**

#### **Handsaming i møtet:**

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**FJALER KOMMUNE**  
**Rådmannskontoret**

**KOM-072/13 VEDTAK:**

1. Fjaler kommune vedtek å inngå avtale med KLP om levering av tenestepensjon frå 1.1.2014.
2. Finansiering av eigenkapitalinnskottet vert å kome attende til under budsjetthandsaminga for 2014.
3. Folkevaldordninga skal følgje den ordinære tenestepensjonsordninga for kommunalt tilsette.



Annikken Myklebust  
økonomisjef

Direkte tlf: 57738053

## 028/13 ORIENTERING OM SEKTOR FOR BISTAND OG OMSORG

**Sakshandsamar:** Audhild Ragni Vie Alme. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 24.10.2013

| Utval           | Dato       | Utv.-<br>Saksnr. | Status | Vedtaks-<br>organ |
|-----------------|------------|------------------|--------|-------------------|
| Kontrollutvalet | 01.11.2013 | 028/13           | -      | Ja                |
| Formannskap     | -          | -                | -      | Nei               |
| Kommunestyret   | -          | -                | -      | Nei               |

### Saksvedlegg

- Brev frå SEKOM-sekretariat til Fjaler kommune – «Orientering om sektor for bistand og omsorg», datert 16.9.2013.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kontrollutvalssak 025/13: Kontrollutvalet vil kalle inn sektor for bistand og omsorg til neste møte i kontrollutvalet i Fjaler for å gi ei generell orientering.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orienteringa frå rådmannen vert teke til vitande.
- 

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

## **ORIENTERING OM SEKTOR FOR OPPVEKST**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Audhild Ragni Vie Alme

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Rådmannen orienterer om sektor for bistand og omsorg.

### **Saksopplysningar:**

- Kontrollutvalssak 025/13: Kontrollutvalet vil kalle inn sektor for bistand og omsorg til neste møte i kontrollutvalet i Fjaler for å gi ei generell orientering.

Rådmannen er orientert om vedtaket i brev 16.9.2013

Aktuelle tema kan til dømes vere sektoren sine oppgåver, regelverk og retningsliner sektoren skal følgje, vedtak ein må etterleve, resultat i høve til mål for sektoren og særskilte utfordringar sektoren står overfor internt og eksternt

Rådmannen er kalla inn til møtet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

# SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

---

Fjaler kommune  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

Førde, 16.09.13

Dykkar ref.:

Vår ref: Vø

Jnr.: 424/13

Arkiv: Fjaler

## ORIENTERING OM SEKTOR FOR BISTAND OG OMSORG

Kontrollutvalet i Fjaler heldt møte 16.09.13. Under sak 025/13 «Eventuelt» vart det gjort følgjande vedtak:

*- Kontrollutvalet vil kalle inn sektor for bistand og omsorg til neste møte i kontrollutvalet i Fjaler for å gi ei generell orientering.*

I samband med neste møte i kontrollutvalet ber kontrollutvalet om at administrasjonen førebur ei orientering om sektor for bistand og omsorg.

Aktuelle tema kan til dømes vere:

- Sektoren sine oppgåver
- Regelverk og retningslinjer sektoren skal følgje
- Vedtak ein må etterleve
- Resultat i høve til mål for sektoren
